

Jobbnorge-ID: 162187

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

Seniorkonsulent - Studierettleiar

Ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) er det ledig ei fast 100% stilling som seniorkonsulent, studierettleiar ved Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap

Fakultet for økonomi og samfunnsvitskap (FØS) har tre institutt med totalt om lag 120 tilsette og 2000 studentar fordelt på tre campus; Bergen, Haugesund og Sogndal. Fakultet tek opp studentar til både arbeidsretta disiplinfag og profesjonsutdanningar, og tilbyr utdanningar på bachelor-, master og ph.d.-nivå. Fakultetet har eit tett samarbeid med samfunns- og arbeidslivet i hele regionen. Dette gir blant anna utslag i forskingsamarbeid og ei brei portefølje knytt til etter- og vidareutdanning.

Om stillinga

Ansvarleg for studierettleiing og administrativ fagleg oppfølging av studentsaker i fakultetet. Bidra til god samhandling internt i fakultetet og med relevante einingar i fellesadministrasjonen. Bidra til og legge til rette for samarbeid på tvers av campusar innanfor fagområdet.

Arbeidsplassen er Bergen. Reiseverksemd til dei andre campusane må pårekast.

Ansvars- og arbeidsoppgåver

- Rettleiing av studentar inkl. studentutveksling
- Arbeid med utdanningsplanar og klargjering av vitnemål
- Handsaming av studentsaker som t.d. førehandsgodkjenning, innpass og permisjon.
- Støtte til råd og utval
- Administrativt arbeid knytt til studieprogram og emne
- Rettleie vitskapleg tilsette i bruk av Emner på nett (EpN)
- Arbeid med studentrekruttering
- Støtte til arbeid med utdanningsleiing

Andre administrative arbeidsoppgåver i samråd med fakultetsleiinga.

Kvalifikasjonskrav

Til stillings vert det stilt krav om høgare utdanning på bachelor- eller masternivå, samt relevant erfaring. Relevant erfaring/realkompetanse kan kompensere for utdanning. God kjennskap til og erfaring frå FS, EPN, Canvas.

Personlege eigenskapar

Til stillinga vert det stilt krav om gode samarbeids- og koordineringsevner. God administrativ IT-kompetanse og erfaring med fellessystem høgskulen bruker og god uttrykksevne munnleg og skriftleg. I tillegg er det eit krav om gode evner til å arbeide sjølvstendig og analytisk, kunne ta initiativ og ha god sørvisinnstilling, samt gode engelskkunnskapar.

Vi tilbyr

Stillinga som seniorkonsulent er løna etter Statens lønsregulativ, i stillingskode 1363 - Seniorkonsulent. Frå løna vil det bli trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Vi tilbyr elles:

- Gode pensjons-, forsikrings-, og låneordningar i Statens pensjonskasse
- Spannande fagmiljø med moglegheit for kompetanseheving - og utvikling
- Fleksitid jfr. Særavtale om fleksibel arbeidstid i staten
- Moglegheit for trening i arbeidstida

Korleis søke på stillinga?

Send søknad og CV ved å klikke på knappen merka "Søk stilling" på denne sida.

Vi gjer merksam på at søknader blir vurdert ut frå den informasjon som er lagt inn i www.jobbnorge.no ved søknadsfristens utløp. Det er søkjar sitt ansvar å sørge for at alle relevante vedlegg er lagt inn innan fristen, herunder attester og vitnemål. Dersom vitnemål, karakterutskrifter eller annen dokumentasjon ikkje er på eit skandinavisk språk eller engelsk, må søkjar sjølv laste opp attesterte omsettingar. Dersom vedlegga overskrider 15 MB må dei komprimerast før opplasting eller leggst ved som lenke.

Søknader kan ikkje sendes på e-post til enkeltpersoner ved høgskulen.

Generell informasjon

Vi gjer merksam på at jfr. ny offentlegheitslov kan opplysningar om søkjaren bli offentleggjort sjølv om søkjaren har bedt om ikkje å bli oppført på søkjarlista. Søkjaren vil bli varsla dersom ynskje ikkje vert teke til følgje.

Høgskulen på Vestlandet er under omstilling, og det kan bli gjort endringar i stillinga sitt ansvarsområde og plass i organisasjonen.

Den statlige arbeidsstyrken skal i størst mulig grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er derfor eit personalpolitisk mål å oppnå ein balansert alders- og kjønnsamansetning, rekruttere personer med minoritetsbakgrunn og personer med nedsett funksjonsevne. Høgskulen på Vestlandet er ei IA-verksemd.

[Heimeside](#)

Kontaktperson(ar) ved Høgskulen på Vestlandet er:

- 1) Administrasjonssjef Gro Nesheim, telefon [+47 52 70 26 32](tel:+4752702632)
- 2) Dekan Anne Isabelle Robbestad, telefon [+47 52 70 27 38](tel:+4752702738) / mobil [+47 483 53 986](tel:+4748353986)

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: